

Forvaltningsplan for  
Ytamo naturreservat

Luster kommune, Sogn og Fjordane



***Luster Kommune***



## Føreord

Ytamo naturreservat vart verna i 2009 med bakgrunn i Verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane fylke. 17. des. 2003, før området hadde fått vernestatus, held fylkesmannen eit informasjonsmøte med grunneigarane der det kom fram at det ikkje var ynskjeleg med hogst i området medan vernet vart førebudd.

Føremålet med vernet er å ta vare på eit større tilnærma urørt skogsområde med spesielle naturtypar, med heile mangfaldet av artar og vegetasjonstypar og alle naturlege økologiske prosessar. Referanseverdien og den vitskapelege og pedagogiske verdien til området er òg vektlagt.

Forvaltningsplanen skal vera eit praktisk hjelpemiddel for å fremja føremålet med vernet, og sikra ei føreseieleg forvaltning. Planen definerer konkrete forvaltnings- og bevaringsmål og oppfølging i form av forvaltning, sakshandsaming, oppsyn og tiltak.

I verneområdet er det brukarinteresser knytt til jordbruk, skogbruk, jakt og fiske, friluftsliv, sikring av tilkomst og vedlikehald av vegar og bruer, samt forskning og undervisning. Desse brukarinteressene er gjennomgått i planen, og det er sett ned retningslinjer og reglar for bruken av området.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane hadde forvaltningsansvaret fram til 1. juni 2015, då Luster kommune overtok. Dette inneber m.a. ansvar for å handsama søknader om dispensasjon frå verneforskrifta, samt informasjon, skjøtsel og tilrettelegging. Statens Naturoppsyn (SNO) har som oppgåve å føra tilsyn med verneområdet og hjelpa til med tiltak for å sikra og fremja verneverdiane.

Aurland Naturverkstad har levert eit planutkast som Luster kommune etterpå har arbeidd vidare med.

Gaupne, september 2017

Jarle Skartun  
rådmann i Luster kommune

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernssjef

# Innhald

<b>Føreord</b> .....	<b>i</b>
<b>Innhald</b> .....	<b>ii</b>
<b>1 Innleiing</b> .....	<b>1</b>
1.1 Bakgrunn .....	1
1.2 Mål for vernet .....	1
1.2.1 Mål med forvaltningsplanen .....	1
1.3 Lovverk, forskrifter og juridiske rammer .....	2
<b>2 Områdeskildring</b> .....	<b>2</b>
2.1 Dagens tilstand .....	16
<b>3 Forvaltnings- og bevaringsmål</b> .....	<b>19</b>
3.1 Målstyrt forvaltning .....	19
3.2 Forvaltningsmål .....	19
3.3 Bevaringsmål .....	20
3.4 Artar og vegetasjonstypar som er viktige å ta vare på .....	20
<b>4 Brukarinteresser</b> .....	<b>21</b>
4.1 Jordbruk og skogbruk .....	21
4.1.1 Status og utfordringar .....	21
4.1.2 Rammer og regelverk .....	21
4.1.3 Retningslinjer for forvaltninga .....	21
4.1.4 Aktuelle tiltak .....	21
4.2 Motorferdsel .....	22
4.2.1 Status og utfordringar .....	22
4.2.2 Rammer og regelverk .....	22
4.2.3 Retningslinjer for forvaltninga .....	22
4.2.4 Aktuelle tiltak .....	22
4.3 Jakt og fiske .....	22
4.3.1 Status og utfordringar .....	22
4.3.2 Rammer og regelverk .....	23
4.3.3 Retningslinjer for forvaltninga .....	23
4.4 Friluftsliv .....	23
4.4.1 Status og utfordringar .....	23
4.4.2 Rammer og regelverk .....	23
4.4.3 Retningslinjer for forvaltninga .....	23
4.4.4 Aktuelle tiltak .....	24
4.5 Forsking og undervisning .....	24
4.5.1 Status og utfordringar .....	24
4.5.2 Rammer og regelverk .....	24
4.5.3 Retningslinjer for forvaltninga .....	24
4.5.4 Aktuelle tiltak .....	24
<b>5 Oppfølging</b> .....	<b>24</b>
5.1 Forvaltningsansvar og sakshandsaming .....	24
5.2 Oppsyn .....	25
<b>6 Tiltak</b> .....	<b>25</b>
6.1.1 Aktuelle tiltak .....	25
6.1.2 Kunnskapsinnhenting .....	26
<b>7 Litteratur</b> .....	<b>27</b>
Vedlegg 1. Kart over Ytamo naturreservat .....	1

Vedlegg 2. Verneforskrift for Ytamo naturreservat .....	1
Vedlegg 3 Kart til vernevedtaket .....	1
Vedlegg 4 Registrering av framande artar i Ytamo NR.....	1



# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Ytamo naturreservat i Luster kommune, Sogn og Fjordane vart verna i 2009, med heimel i Naturvernlova §8 (lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern), jf. §10, og §21, §22, og §23. I juli 2016 vart området utvida ved at ein enklave på 45 dekar vart innlemma etter initiativ frå grunneigar.

Naturreservat er den strengaste forma for områdevern i norsk naturvern, og vert oppretta fordi dei inneheld truga, sjeldsynt eller sårbar natur, representerer ein bestemt naturtype, har eit særskilt biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst, eller har særskilt naturvitskapeleg verdi.

Bakgrunnen for vernet av Ytamoen var Verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane fylke, som føreslo oppretting av fleire reservat i område med spesielle naturtypar av særskilt vitskapeleg og pedagogisk verdi. Verneplanen peikar ut edellauvskogane i Sogn og Fjordane fylke som særskilt interessante ettersom den klimatiske spennvidda her er større enn i noko anna fylke i Noreg. Den spesielle rikdomen knytt til edellauvskog skuldast naturlege faktorar som gunstig varmeklima og/eller rikt jordsmonn, og ofte gamal kulturpåverknad.

## 1.2 Mål for vernet

Det overordna målet for områdevern i Noreg er å medverka til bevaring av

- a) variasjonsbreidda av naturtypar og landskap
  - b) artar og genetisk mangfald
  - c) truga natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar
  - d) større intakte økosystem, og slik at dei kan vera tilgjengelege for enkelt friluftsliv
  - e) område med særskilte naturhistoriske verdier
  - f) natur prega av menneskeleg bruk gjennom tidene (kulturlandskap) eller som også har kulturhistoriske verdier, og tilrettelegging for bruk som medverkar til å oppretthalda naturverdiane
  - g) økologiske og landskapsmessige samanhengar nasjonalt og internasjonalt
  - h) referanseområde for å følgja utviklinga i naturen
- (frå *Naturmangfaldlova*)

Målet med fredinga av Ytamo naturreservat er å ta vare på eit større, tilnærma urørt skogsområde med spesielle naturtypar, med heile mangfaldet av artar og vegetasjonstypar og alle naturlege økologiske prosessar. Referanseverdien og den vitskapelege og pedagogiske verdien til området er òg vektlagt (Forskrift om Verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane. Vedlegg 11. Freding av Ytamo naturreservat, Luster kommune, Sogn og Fjordane).

### 1.2.1 Mål med forvaltningsplanen

Forvaltningsplanen for Ytamo naturreservat er utarbeidd med heimel i kapittel VII i verneforskrifta. Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande slik som verneforskrifta. Der ei føresegn i verneforskrifta viser direkte til forvaltningsplanen kan likevel forvaltningsplanen vera juridisk bindande.

Forvaltningsplanen er utarbeidd som del av den naudsynte oppfølginga av vernevedtaket, med aktiv og føreseieleg forvaltning av verneområda i Noreg som mål (Direktoratet for naturforvaltning, 2008). Forvaltningsplanen gjev retningslinjer for forvaltninga av området i medhald av verneforskrifta.

Forvaltningsplanen er bygd opp i tråd med Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) si Handbok 17-2001, Forvaltningshandboka, kap. 5 (handboka er oppdatert i september 2010).

Her heiter det mellom anna at:

*”En forvaltningsplan skal være et praktisk hjelpemiddel til å opprettholde og fremme verneformålet. Den skal samtidig sikre en enhetlig forvaltning av verneområdet ved å gi konkrete retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel, eventuell tilrettelegging osv. Ved hjelp av en forvaltningsplan skal vi unngå tilfeldige enkeltavgjørelser som kan være uheldige for verneverdiene.”*

Som ansvarleg fagstyresmakt for forvaltning av naturreservat og andre mindre verneområde skal Fylkesmannen i Sogn og Fjordane godkjenne planen. Planen bør reviderast etter om lag 10 år eller når det er behov for det.

### **1.3 Lovverk, forskrifter og juridiske rammer**

Sjølv om Ytamo naturreservat vart oppretta i medhald av naturvernlova av 1970, er det i dag naturmangfaldlova av 19. juni 2009 som gjeld i spørsmål kring verneområdet. Naturmangfaldlova § 37 omhandlar vernekategorien naturreservat:

*”Som naturreservat kan vernes områder som*

- a) inneholder truet, sjeldan eller sårbar natur,*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.*

Vidare heiter det at:

*”I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.”*

## **2 Områdeskildring**


Ytamo naturreservat ligg på austsida av elva Jostedøla som renn gjennom Jostedalen i Luster kommune. Det verna området strekker seg i hovudsak frå elvebreidda opp til 250 – 300 m.o.h. og utgjer eit areal på 1,9 km<sup>2</sup>. For å koma til Ytamo køyrer ein om lag 3 km nordover frå Gaupne langs rv 604 mot Jostedalen, og tek så til høgre over brua til skytebana. Herfrå er tilkomsten til fots langs ein traktorveg som gradvis går over i sti, vel 4 km. Ingen av dei to hengebruene som går rett inn i reservatet frå rv 604 er i forsvarleg stand til å bruka.

Verneområdet ligg langsetter ei svært bratt, vestvendt lise og følgjer dalen frå Ytamoholten i sør til Fetahilleren i nord. Langs elva vert lia stadvis noko slakare, og det ligg og ein del areal på ei flat elveterasse i dalbotnen. Øvre grense for reservatet ligg midt i fjellsida, der skogen går over i stup og hoggbratt berg. Ovanfor stupa, som og følgjer dalen heile vegen innover, ligg noko slakare skogsterreng med furuskog *Pinus sylvestris* og blandingsskog med boreal lauvskog og furu.

Naturreservatet er ein mosaikk av ulike skogstypar der edellauvskogselementet kjem att mest heile vegen og dannar ei nesten samanhengande naturtype langsetter lise innover dalen over ei strekning på nærare 5 km. Området har ei stor variasjonsbreidd, og ein finn innanfor vernegrensene både rik og fattigare edellauvskog, velutvikla gråor-heggeskog (gråor *Alnus incana* og hegg *Prunus*



padus) mellom anna i form av flaummarkskog og også sumpskog, ospeskog *Populus tremula* med grove tre, furuskog, open rasmark og blokkmark, og skogdekt elveterasse med bjørkeskog *Betula pubescens*.



Figur 1 Oversynskart over Ytamo naturreservat. Kjelde: fylkesatlas.no.

Området er variert, og ulike strekningar har forskjellig preg. Gaarder (1999) har skildra området gjennom ei inndeling i 6 delområde, inndelt etter terrengformasjonar og samanheng i vegetasjonen. Tekstane for delområda (under) er oversett til nynorsk og tilpassa etter Gaarder 1999, dels supplert med eigne notat og foto frå 3. og 4. september og 30. oktober 2012. Lokalitetane er avmerkte i eit meir detaljert kart bakerst i planen (vedlegg 1).

## Ytamoholten

«Noe hogd for lenge siden»

Ytamoholten har i sørlege, nedre del grov ur og blokkmark som går over i ein samanhengande teig med frodig, relativt storvaksen og rein lindeskog *Tilia cordata* oppover i lia. Lindeskogen har mykje skogfaks *Bromopsis benekenii*. I nord er det små innslag av tørrbakkar med førekomstar av mellom anna engtjæreblom *Lychnis viscaria*. Bergryggen oppover mot Ytamoholten er prega av turr furuskog, som i øvre delar går over mot fin lågurtskog med større lauvinnslag (særleg osp) og noko skogsvingel *Festuca altissima*. Sjølve Ytamoholten har små innslag av både grov blokkmark (store kampesteinar), frodige hasselkratt *Corylus avellana*, relativt fattig furuskog og frodig ospeskog. Med unntak av sistnemnde ospesholt er skogsmiljøa prega av noko hogst langt tilbake i tid. Det er no spreidd med dautd trevirke. Ospeskogen i nord har ein urskogsprega struktur, det same gjeld skogen langs berghyllene vidare mot nord.



Figur 2 Delområde Ytamoholten. Sjølve Ytamoholten rett fram, teigen med lindeskog over rasmarka til høgre i biletet. Reservatgrensa går like til høgre for lindeskogen. I forkant (bak kantsona med unge lauvtre langs elva) ligg ei fulldyrka eng som er halden utanfor vernesona.

## Åsmoholten

«Særpreget sumpskogsartet miljø i nedre del».

I nedre, søre delar av Åsmoholten er eit særprega, sumpskogsarta miljø. Utanom gråor kjem grov osp og grov furu inn her. Sumpskogsområdet består dels av dårlig drenert blandingskog med m.a. gårør, bjørk, hegg, vaksen furu og stor osp, med høgstauder i eit velutvikla feltsjikt, dels av ekte sumpskog dominert av gråor, med m.a. mykje huldregas *Cinna latifolia* i eit usamanhengande feltsjikt. Ein skogsveg skil desse to miljøa. Nord for det sumpskogsdominerte området (og i vestkant mot elva) dannar grove lausmassar ein høg terrasse, med fattig furuskog med innslag av ein del lauvtre. Ute på dei flataste delane av terrassen står bjørkeskog og noko furu med mykje vindfall etter romjulsstormen «Dagmar» i 2011. I lisa mot fjellet i aust kjem edellauskogen inn med noko almlindeskog (dominert av lind) med godt innslag av kravfulle plante i feltsjiktet. Edellauskogen er brote

opp av skredfar med steinur, svaberg og parti med skrint jordsmonn og turrbakkevegetasjon. På den vestvendte ryggen (Åsmoholten) vert skogen fattigare og det kjem inn meir boreale lauvtre. Generelt er det spreidd med daudt trevirke i dette delområdet, lokalt mykje tilknytt sumpskogen, men dette er hovudsakleg ganske ferskt.



*Figur 3 Delområde Åsmoholten. Åsmoholten er den låge furuskogsryggen midt i og til venstre biletet. Her ligg edellauvskogen som eit belte langs «fjellfoten» i overkant av grov ur. Ura ein ser i høgje delar av biletet held delvis fram bakom Åsmoholten. Halvparten av den låge terrasseflata i forkant er lagt til verneområdet i 2016.*



*Figur 4 Parti frå sumpskogen i delområde Åsmoholten*

### Langaskredene

«...usammenhengende og skredpåvirket lauvskog...»

Langaskredene har usamanhengande og skredpåverka lauvskog i blanding med opne rasmarker og skredfar. Nokre edellauvtre finst, og her er spreidde innslag av kravfulle edellauvskogsplanter i feltsjiktet, som til dømes skogfaks og lodneperikum *Hypericum hirsutum*. Knytt til skredfara kjem og ein del kantartar og engartar inn. Det finst ein del daudt trevirke, men dette er i hovudsak ikkje veldig gammalt.



Figur 5 På vinterbilette frå Langaskredene syner rasmarka tydeleg. Leirhovden i bakgrunnen.

### Leirhovden

«...flere rødlistede moser og sopp.»

Leirhovden har ei stripe med nokså storvaksen og velutvikla lindeskog i sør. Der terrenget flatar ut nedanfor finst noko edellauvskog med mykje gråor ned mot elva, truleg er gråor-almeskog klimakssamfunnet her. Nord for den gråordominerte skogen er det eit lite parti med fattigare boreal skog med mest bjørk og furu. Oppover ryggen av Leirhovden står dels frodig lauvskog med innslag av noko alm og lind, og med stor osp. I den bratte lia på baksida av Leirhovden kjem det inn frodig gråor-almeskog. Det finst ein del daudt trevirke i dette delområdet. Det meste er ferskt, men lokalt finst og nokre sterkt nedbrote læger med påvekst av fleire raudlista mosar og sopp.

### Vikaholten

«...ganske mye huldregras.»

På sørsida av Vikaholten er det ein del open ur og gråor-almeskog. Øvre delar av edellauvskogen står i steinur, denne er ikkje særleg rik floristisk sett. Nedre delar står på finkorna lausmassar saman med store kampesteinar. Her førekjem mellom anna mykje huldregras. Det har tydeleg vore vedhogst i denne lisida nokre tiår tilbake i tid, og det er lite daudt trevirke og gamle tre.



Figur 6 Vikaholten. Sjølve holten er lite undersøkt, men på sørsida står edellaauvskog med huldregras.



Figur 7 Sør for Vikaholten

### Storehagen

«Frodig (...) det småkuperte og steinrike partiet ned mot elva.» «Det har foregått og foregår fortsatt noe vedhogst i dette delområdet.»

Storehagen har frodig gråor-heggeskog på det småkuperte og steinrike partiet ned mot elva, med innslag av opne sumpparti. Mellom anna veks her sparsamt med huldregras. Elles verkar skogen fuktig, og lungeneversamfunnet trivst god, sjølv om det er ganske artsfattig. I lisa står fin gråor-almeskog med innslag av huldregras i feltsjiktet. Lokalt veks og storrapp *Poa remota* og myskemaure *Galium triflorum*. Lind er registrert sparsamt i nord. Det har vore noko vedhogst i dette området fram

mot fredinga. Skogen består dels av etter måten gammel skog med innslag av noko daudt trevirke, dels av middelaldrande skog og dels av pionerskog etter småflatehogst.




Figur 8 Storehagen

### Aldersstruktur


Det er gjennomført ei skogtaksering i området, i samband med erstatningsoppgjere etter verneprosessen (FORAN 2010). Resultatet av takseringa seier mykje om alderen og samansetnaden av skogstypene. Oppsummeringar frå denne vert difor referert i det vidare.

Det er tilsynelatande delvis avvik mellom skogstypene i skogtakseringa og Gaarder sin fagrapport som er referert til i avsnitta over. Dette lyt sjåast i samanheng med dei ulike føremåla med rapportane. I skogtakseringa er ikkje naturmangfald det viktigaste å få fram, men kva verdi areala har i skogbrukssamanheng. Vegetasjonstypene er kartlagde, då dei er til nytte som støtte mellom anna for vurdering av bonitet. I høve treslag er det berre skilt på gran, furu, bjørk (ingen teigar) og «anna lauv». Anna lauv kan være heile spekteret frå alm-lindeskog til ospenholt og parti med lauvblandingsskog av boreal type. Som eit døme ligg areal skildra som rik edellauvskog med dels rein bestand av lind (Gaarder 1999) innanfor teig nr, 23, dvs. areal som i takseringa er vurdert som lågurtskog med furu og «anna lauv». Typen lågurtskog i skogtakseringa kan innehalda mindre rike utformingar der treslagsdominansen kan være både gråor-hegg, gråor-alm og alm-lind. Rikare typar fell innunder gråor-heggeskog (tilsvarer velutvikla gråor-heggeskog) og alm-lindeskog. Gråor-almeskog er ikkje nytta som eigen vegetasjonstype i skogtakseringa. Ein ser at skogstypen gråor-almeskog og stadvis mindre parti med alm-lindeskog kjem innunder denne kategorien, der boniteten er middels (11 – 14) og til dels høg (17, høg bonitet ligg frå 17 - 20) men ikkje høg til svært høg eller svært høg (svært høg ligg frå 23 og oppover).



Figur 9 Samansetnad av vegetasjonstypar henta frå skogtaksering i Ytamo (FORAN 2010). Vegetasjonstypen lågurtskog er ein mellomrik skogstype. Her finn ein ulike utformingar av lauvskog, frå boreal lauvblandingsskog med m.a. bjørk og osp via gråor-heggeskog til alm-gråorskog, som er ein edellauvskogstype. Det ligg og nokre teigar som inneheld alm-lindeskog i denne kategorien. Kartlegginga er temmeleg grov, og tek ikkje omsyn til mindre parti med rikare skog innanfor den einskilde teigen. I kategorien bærlyngskog finn ein alle teigane som inneheld furu. Andelen av furu varierer, frå nesten reine furubestandar til blandingar med under halvparten furu. Kategoriseringa av vegetasjonstype er gjort etter Skog og Landskap sitt system for vegetasjonstypar.


Fastsetjinga av bonitet kan òg sei oss ein god del om kor rik skogen er, der ein i regelen finn den rikaste skogen (feltsjikt og treslagsdominans) i område med høg bonitet. Boniteten er rekna ut frå vekstpotensiale i dei treslaga som er viktige for skogbruket. Takseringa nyttar bjørk (B), furu (F) og gran (G) som utgangspunkt. Granbonitet er nytta typisk på areal der ein i dag har gråor-heggeskog som dominerande skogstyppe, bjørkebonitet er nytta på øvrige reine lauvbestandar og furubonitet er nytta på dei areala der det i dag veks furu.



Figur 10 Bonitet, berekna etter H40 systemet (kjelde: Handbok om Markslagsklassifikasjon frå Skog og Landskap, 2007) der verdiar frå 23 – 26 er rekna som sær s god, 17 - 20 er rekna som god, 11-14 er rekna som middels, 6 – 8 er rekna som låg bonitet og under 0,1 er rekna som skrapmark (impediment). Verdiane mellom dei fastsette intervalla vert rekna etter skjøn (eks «middels til god»).



Særleg interessant frå skogtakseringa er oversynet over alderen på skogen. Det syner seg at området med få unnatak er hogstklasse 5, dvs. hogstmogen, eller «vaksen» skog med unnatak av Storehagen og teigar nær denne, der hogstklassen er sett til 4. Lauvskogen er likevel ikkje svært gamal, lauvskogsteigane ligg i sjiktet 50 – 70 år. I teigane med furuskog har skogen ein høgare alder, frå 130 – 160 år, noko som er innanfor normalen i hogstmogen furuskog.



Figur 11 Frå skogtaksering i Ytamo, aldersfordeling på teigane

### Artsmangfald

Det er registrert i alt 8 raudlista artar innanfor verneområdet. Mellom desse er to karplantar; alm (NT) og huldregras (NT). Alm er vurdert som nær truga (NT) på grunn av sjukdom og fordi ho er sterkt utsett for at beiteskader av hjort. Huldregras er eit skogsgras i rikare lauvskog som er lite beitetolerant. Det er difor sjeldsynt då det er svært få område med rik skog som har vore utan beitedyr i lang nok til at denne planta har gode vilkår. Området har og ein del andre skogsgras som ein berre finn i rike skogstyper, t.d. storrap. Denne arten er og interessant av di han er ein austleg art, med svært få funn på Vestlandet (og berre i indre strok). Også myskemaure er ein austleg art, og funnet i dette området utgjorde ei ny vestgrense i Noreg for arten.

Den største samlinga av raudlisteartar finn me mellom dauvedsartar av sopp. Her finn me 5 artar i kategorien NT (nær truga); kvit vedkorallsopp *Lentaria epichnoa*, svart tvillingbeger *Holwaya mucida*, skjella raudskivesopp *Entoloma tjallingiorum*, indigoraudskivesopp *Entoloma euchroum*, og osppekvikjuke (*Antrodia pulvinascens*). Dei er funne på gamle eller daude stammar av alm, lind, gråor og osp. Til dømes er svart tvillingbeger knytt til barkklede læger av lind i eldre lauvskogstypar. Desse funna har vore med på å understreka verneverdien i området.

Soppen *Membranomyces spurius* har ikkje norsk namn. Den er rekna som ein framand art, med få funn i Noreg. Det er liten kunnskap om denne arten. Kategorien «NE» tyder at det er ein framand art, men at han ikkje er vurdert til å vere ein fare for stadeige biomangfald, dvs. ikkje «svartelista».

Lavfloraen er mindre krevjande enn ein kunne forventa, sjølv om ein har mykje lungenever i nordlege delar av reservatet (ikkje registrert i artskart.no). Her er borken heilt dekt med lungenever og andre epifyttar opp til 5-6 m over bakken (Mong et.al. 2010). I sør er det registrert mindre krevjande lavartar, men stadvis finst ein god del lungenever også her.



Figur 12 Lungenever på lind i beltet med alm-lindskog over rasmarka i delområde Åsmoholten.

Det er ikkje registrert raudlista moseartar. Det er likevel registrert fleire moseartar som er knytt til gamal, og gjerne rikare lauvskog, og nokre av artane har vore på raudlista i Noreg tidlegare (Direktoratet for Naturforvaltning 1999 og Kålås et. al 2006).

Det er ikkje lagt særleg vekt på faunaen i registreringsarbeidet. Jostedalen har ein variert, men ikkje uvanleg sporvefuglfauna. Dei fleste artane er knytt til (lauv)skog og til kulturlandskap. Fiskemåse *Larus canus*, er den einaste raudlista fuglearten som er registrert, på raudlista har han status som nær truga (NT). Det er registrert hoggorm som einaste reptil. Dalen har elles ein god hjortestamme, og alminneleg småvilt.

Tabell 1 - Registrerte artar i ulike organismegrupper. Statuskategoriar: LC = livskraftig, NT = nær truga, NE = framand art. Biodiversitetsdata gjort tilgjenglig av Universitetsmuseet i Bergen, Naturhistorisk museum – UiO, Norsk Ornitologisk foreining og NTNU-Vitenskapsmuseet. Nedlasta gjennom Artskart (artsdatabanken.no), 2013-01-16.

<b>LAV</b>			
<b>Vitskapeleg namn</b>	<b>Norsk namn</b>	<b>Status</b>	<b>Lokalitet</b>
<i>Biatoridium monasteriense</i>		NT	Aust for Alsmo
<i>Chaenotheca brachypoda</i>	dverggullnål	LC	Aust for Alsmo
<i>Cladonia amaurocraea</i>	begerpigglav	LC	Åsmoholten
<i>Cladonia uncialis</i>	pigglav	LC	Åsmoholten
<i>Gyalecta ulmi</i>		NT	Aust for Alsmo
<i>Lobaria scrobiculata</i>	skrubbenever	LC	Hansafjellet
<i>Sclerophora peronella</i>	kystdoggnål	NT	Aust for Leirmo
<i>Stereocaulon evolutum</i>	putesaltlav	LC	Åsmoholten
<i>Stereocaulon paschale</i>	vanleg saltlav	LC	Åsmoholten
<i>Stereocaulon vesuvianum</i>	skjoldsaltlav	LC	Åsmoholten

<b>SOPP</b>			
<b>Vitskapeleg namn</b>	<b>Norsk namn</b>	<b>Status</b>	<b>Lokalitet</b>
<i>Antrodia pulvinascens</i>	ospehvitkjuke	NT	Ytamoholten
<i>Antrodia sinuosa</i>	kvit tømmer-sopp	LC	Aust for Leirmo
<i>Basidioradulum radula</i>	tannsopp	LC	Aust for Alsmo
<i>Ceriporia purpurea</i>	purpurkjuke	LC	Aust for Leirmo
<i>Ceriporia viridans</i>	kameleonkjuke	LC	Aust for Alsmo
<i>Ceriporiopsis aneirina</i>	sienakjuke	LC	Ytamoholten
<i>Clavulicium spurium</i>		LC	Ytamoholten

<i>Entoloma euchroum</i>	indigorøds-kivesopp	NT	Aust for Leirmo
<i>Entoloma tjallingiorum</i>	skjella raudskivesopp	NT	Aust for Leirmo
<i>Holwaya mucida</i>	svart tvillingbege	NT	Aust for Leirmo
<i>Hypoxylon rubiginosum</i>		LC	Ytamoholten
<i>Inonotus rheades</i>	revekjuke	LC	Ytamoholten
<i>Lentaria epichnoa</i>	kvit vedkorallsopp	NT	Aust for Leirmo
<i>Membranomyces spurius</i>		NE	Ytamoholten
<i>Pleurotus dryinus</i>	seig østerssopp	LC	Aust for Leirmo

<b>MOSAR</b>			
<b>Vitskapeleg namn</b>	<b>Norsk namn</b>	<b>Status</b>	<b>Lokalitet</b>
<i>Anastrophyllum hellerianum</i>	pusledraugmose	LC	Åsmoholten
<i>Buxbaumia viridis</i>	grønsko	LC	Leirhovden
<i>Dicranum fragilifolium</i>	skjørsigd	LC	Ytamoholten
<i>Dicranum tauricum</i>	barksigd	LC	Leirhovden

<b>KARPLANTAR</b>			
<b>Vitskapeleg namn</b>	<b>Norsk namn</b>	<b>Status</b>	<b>Lokalitet</b>
<i>Acer platanooides</i>	spisslønn	LC	Ytamoholten
<i>Bromopsis benekenii</i>	skogfaks	LC	Aust for Leirmo
<i>Carex muricata</i>	piggstorr	LC	Aust for Leirmo
<i>Cinna latifolia</i>	huldregras	NT	Ytamoen
<i>Festuca altissima</i>	skogsvingel	LC	Ytamoholten
<i>Galium triflorum</i>	myskemaure	LC	Aust for Leirmo / Storehagen
<i>Hypericum hirsutum</i>	lodneperikum	LC	Aust for Leirmo
<i>Poa remota</i>	storrapp	LC	Storehagen
<i>Viola mirabilis</i>	krattfiol	LC	Aust for Leirmo

<b>FUGLAR</b>			
<b>Vitskapeleg namn</b>	<b>Norsk namn</b>	<b>Status</b>	<b>Lokalitet</b>
<i>Anthus pratensis</i>	heipiplerke	LC	Jostedalen
<i>Anthus trivialis</i>	trepiplerke	LC	Jostedalen
<i>Carduelis chloris</i>	grønfinnk	LC	Jostedalen
<i>Carduelis spinus</i>	grønsisik	LC	Jostedalen
<i>Cyanistes caeruleus</i>	blåmeis	LC	Jostedalen
<i>Delichon urbicum</i>	taksvale	LC	Jostedalen
<i>Emberiza citrinella</i>	gulsporv	LC	Jostedalen
<i>Ficedula hypoleuca</i>	svartkvit flugesnappar	LC	Jostedalen
<i>Phylloscopus trochilus</i>	lauvsangar	LC	Jostedalen
<i>Fringilla coelebs</i>	bokfink	LC	Jostedalen
<i>Fringilla montifringilla</i>	bjørkefink	LC	Jostedalen
<i>Larus canus</i>	fiskemåse	NT	Jostedalen
<i>Motacilla alba</i>	linerle	LC	Jostedalen
<i>Parus major</i>	kjøtmeis	LC	Jostedalen
<i>Passer domesticus</i>	gråsporv	LC	Jostedalen
<i>Saxicola rubetra</i>	buskskvett	LC	Jostedalen
<i>Turdus iliacus</i>	raudvingetrost	LC	Jostedalen
<i>Turdus philomelos</i>	måltrost	LC	Jostedalen
<i>Turdus pilaris</i>	gråtrost	LC	Jostedalen

<b>REPTILAR</b>			
<b>Vitskapeleg namn</b>	<b>Norsk namn</b>	<b>Status</b>	<b>Lokalitet</b>
<i>Vipera berus</i>	hoggorm	LC	Alsmo

## 2.1 Dagens tilstand

### Kulturpåverknad

Store delar av området har tidlegare vore utnytta til vedhogst, og lauvskogen er i hovudsak av middels alder. Stadvis finst små lommer av eldre skog i utvikling mot urskog, men vesentlege areal med urskog er vanskelig å finna. Det er om lag 60 år sidan det var aktiv hogst. Etersom lauvtre (og særleg gråor og osp) har kort omløpstid er det likevel mykje daudt trevirke i reservatet, både i ulike stadie av nedbryting og av ulike treslag. Dette gjer tilhøva gode for daudvedsartar, og den trass alt ekstensive utnyttinga gjev og artar som krev lang kontinuitet gode kår. Det er registrert ein svært interessant sopp- og moseflora med ein god del raudlisteartar knytt til daudt trevirke og eldre skogtypar.

Feltsjiktet har stadvis eit særleg urørt preg. Før det vart bygd veg inn i området vart det ikkje beita med husdyr. Dette er sjeldsynt i indre Sogn, og det gjer at floraen i skogbotnen har eit meir urørt preg enn tresjiktet. Mellom anna finn ein rikelege mengder av det raudlista graset huldregras, som er ein lite beitetolerant art knytt til rikare skog, noko som gjer han svært sjeldan.

Traktorvegen inn i området vert brukt og halden ved like, men dei to gamle hengebrunene er i svært dårleg forfatning. Høgst sannsynleg er det tufter etter løer eller andre bygningar i området, men ingen som forvaltninga er kjend med.

### Framande artar

#### Gran

Førekomsten av gran er kartlagt av SNO Luster, sjå rapport vedlegg 4. Området har noko innslag av gran mot utkantane. I sørenden av reservatet står eit mindre granfelt med store tre i eller i tilnærma hogstmoden alder. Dette feltet ligg tett opp til større granfelt like sør for reservatgrensa. På flatene nord for dyrkamarka ved Ytamo står nokre einskildtre og små klynger av storvaksen gran. Skogen desse trea står i er ein boreal lauvblandingsskog med storvaksen bjørk og osp og yngre gråor og hegg. Langs skogsvegen mellom Ytamo og Åsmo er det også nokre spreidde graner.



Figur 13 Ved vernegrensa står eit granplantefelt. Det står og ein del stor gran nord for dyrkamarka på Ytamo.

Frå Storehagen og nordover er det innslag av gran, med einskildtre og små klynger i varierende alder. Desse er så sporadiske at dei ikkje er registrert som eige skogslag i skogtakseringa (sjå ovanfor). Dei største trea har kongleproduksjon, og det er fare for ytterlegare spreining.

Utover områda i nord og i sør er det svært lite gran. Einskilde ungtre førekjem likevel.



Figur 14 Vinter i nordenden av naturreservatet. Ei grei årstid å observere utbreiinga av gran.

### Lønn

I samband med synfaring i 2012 knytt til arbeidet med forvaltningsplanen vart det observert ei ung platanlønn *Acer pseudoplatanus* på det flate arealet rett nord for innmarka på Ytamo. Geir Gaarder noterte ei spisslønn *Acer platanoides* i tørrbakkane nord i delområdet Ytamoholten i 1999. Platanlønn finst ikkje naturleg førekommande i Noreg, og han er svartelista som eit trugsmål mot stadeigen edellaauvskog. Arten har status «høy risiko», då han toler skugge og lett kan utkonkurrera andre skogstre. Spisslønn veks derimot naturleg i Noreg. I ein artikkel hjå Skog og Landskap som omtalar arten (<http://www.skogoglandskap.no/Artsbeskrivelser/loenn>) kan ein mellom anna lesa: «I Norge har spisslønn sin naturlige utbredelse på Østlandet, og på Sørlandet der den vokser langs kysten bort til Spind i Vest-Agder. Vi finner også spisslønn på Vestlandet der den er i rask spredning. Om forekomstene på Vestlandet er naturlige eller ei, vet man ikke.» I motsetnad til platanlønna er spisslønna ikkje eit trugsmål mot anna edellaauvskog, då ho sjeldan dannar reine bestandar, men veks innimellom andre treslag. Spisslønna krev og lysopning for å etablere seg, og vil i mindre grad kunne «ta over» og skugge ut annan skog enn platanlønna.

Statens Naturoppsyn har leita etter platanlønna, så langt utan hell (pr. okt. 2015). Etter alt å døma vil ho verta funnen i samband med andre ærend i området, og vil då verta fjerna.

### **Vindfall**

Romjulsstormen i 2011 forårsaka eit omfattande vindfall også i Luster. Dette gjekk særleg ut over granplantefelt og areal med rettstamma, høg furu. Lauvskog på utsette plassar fekk òg omfattande skader. I verneområdet finn ein etter dette parti med velta furu under Åsmoholten, her er det så mange rotvelter at det er uråd å ta seg fram langs elva, forbi nedre del av holten. Ute på elvelsetta

nedanfor er det mykje velta lauvskog, hovudsakleg bjørk, med einskildtre av furu også her. Nordlege delar av sletta ser ut til å være hardast råka. Sørlege del av sletta ligg lågare i terrenget og har fuktigare mark (er ein del av fuktskogen skildra i Gaarder (1999)). Her er det meir blandingskog med osp og mykje gråor. Også her ligg mykje stormfelte tre, men i mindre omfang.



*Figur 15 Vindfall under Åsmoholten. Inst mot holten er det mest furu som har velta. Ute på sletta er det òg mykje rotvelter og knekte tre av lauvtreslaga.*



*Figur 16 Ei furu som sperra vegen til Åsmo, som ei helsing frå stormen Dagmar. Slike velter bør kunna fjernast frå vegen sjølv om verneforskrifta ikkje nemner det direkte. Toppen og botnen av stokkane kan eventuelt få ligga og få ei naturleg nedbryting.*



## 3 Forvaltnings- og bevaringsmål

### 3.1 Målstyrt forvaltning

Målsetnaden med forvaltningsplanen er at forvaltninga av Ytamoen skal vera føreseieleg, kunnskapsbasert og følgja prinsippa om målstyrt forvaltning.

Målstyrt forvaltning inneber at:

- Måla for vern og forvaltning er godt definerte
- Det blir sett inn tiltak for å nå måla
- Måla blir overvaka
- Tiltaka blir justerte dersom det trengst

Denne forvaltningsmodellen føreset at verneverdiane vert overvaka gjennom regelmessige registreringar, og er såleis ein ressurskrevjande modell. Denne måten å arbeida på er likevel god fordi ein får kontinuerleg stadfesting på om trugsmåla mot vernet er under kontroll, samt at ein har oppdatert kunnskap i høve målsetnaden om å finna ein god balanse mellom omsyna til verneverdiane og brukarane sine behov.

### 3.2 Forvaltningsmål

Ytamoen representerer ein naturtype som er typisk for Indre Sogn; ei bratt fjellside som gjev lune, solrike vekseplassar for varmekjær vegetasjon, men er uvegsam og tungvindt å utnytta til næringsføremål. Det vanskelege terrenget har i stor grad naturleg skjerma mangfaldet for menneskeleg påverknad. Målet med vernet er å lata naturprosessane styra fullt ut i framtida.

Ut ifrå det er det fastsett fylgjande forvaltningsmål:

1. Å bevare området mest mogleg urørt for å få ei utvikling mot kontinuitetsskog
2. Å auka den grunnleggjande kunnskapen om biologien og dei økologiske faktorane i området
3. Gjera det mogleg å halda fram med bruken av området til lokalt friluftsliv
4. Legga til rette for utnytting av den pedagogiske ressursen knytt til verneområdet



Figur 17. Parti frå verneområdet

### 3.3 Bevaringsmål

Det skal utarbeidast bevaringsmål for sjeldsynte, truga og særeigne eller viktige naturkvalitetar i tråd med gjeldande retningsliner i eit eige fagsystem, NatStat. Bevaringsmåla skal vera utforma slik at ein måler på konkrete variablar, og det er fastsett verdiar som definerer kva som er god nok status for den aktuelle kvaliteten/førekomsten. Døme på bevaringsmål kan vera eit måltal på ynglingar av ein art, eller tettleiken av daude tre i eit skogsområde (indikasjon på kontinuitetsskog). For å sikra ei god overvaking og at det vert sett inn tiltak når det trengst, skal bevaringsmåla liggja i eit meir dynamisk system enn denne forvaltningsplanen, som meir tek føre seg dei lange linene.

For Ytamoen er det aktuelt å laga bevaringsmål for edellauvskogsførekomstane, flaummark, ospeskog, sumpskog og elveterrassar. Sjeldsynte, særeigne og viktige artar bør også få eigne bevaringsmål.

### 3.4 Artar og vegetasjonstypar som er viktige å ta vare på

Planter som har indikatorverdi:

- Huldregras
- Myskemaure
- Storrapp

Sentrale vegetasjonstypar:

- Turrbakke
- Alm-Lindeskog
- Gråor-almeskog
- Velutvikla gråor-heggeskog inkl. sumpskogsformar

Raudlista sopp:

- Kvit vedkorallsopp (NT)
- Ospekvitkjuke (NT)
- Indigoraudskivesopp (NT)
- Skjella raudskivesopp (NT)
- Svart tvillingsbeger (NT)

Raudlista lav:

- Kystdoggnål (NT)
- Gyalecta ulmi (NT)
- Biatoridium monasteriense (NT)

Raudlista karplante:

- Huldregras (NT)



Figur 18 Huldregras i lågurtskog inne i verneområdet.

## 4 Brukarinteresser

### 4.1 Jordbruk og skogbruk

#### 4.1.1 Status og utfordringar

Tradisjonelt har området vore ei viktig kjelde til trevirke og ved, men med vernet er skogressursane no i all hovudsak freda for hogst, og det er heller ikkje tillate å fella enkelttre i reservatet. Det einaste unntaket som er heimla direkte i forskrifta gjeld tre som legg seg inn over dyrka mark eller er til skade for gjerdingane på Ytamoen.

Slåtteteigen på Ytamo er i vanleg drift med traktor, med einaste tilkomst gjennom reservatet.

Spreiing av gran er ei utfordring i Ytamo naturreservat til liks med svært mange andre skogreservat i fylket.

#### 4.1.2 Rammer og regelverk

§3 i verneforskrifta forbyr motorferdsle på land og på vatn, men det er gjort unntak for naudsynt køyring på traktorvegen til innmarka på Ytamo, jf. §4. Det er også tillate å fella tre som legg seg inn over innmarka. Vidare er det tillate å føra vedlikehald med anlegg som var i bruk på fredningstidspunktet.

Oppsett av gjerde, vedlikehald av kulturminne, samt rydding og vedlikehald av ferdselsårene i reservatet er mellom tiltaka som kan tillatast etter søknad. Beiting kan også tillatast etter søknad. Vidare heiter det i forskrifta at forvaltninga kan tillata hogst og utdrift i samsvar med denne forvaltningsplanen.

#### 4.1.3 Retningslinjer for forvaltninga

Med unntak av nokre utilgjengelege klynger er lauvskogsteigane ikkje over 70 år. Edellauvtrea alm og lind kan nå svært høg alder, og andre lauvtreslag må gjerne ha gått gjennom fleire generasjonar før ein får skikkeleg grov edellauvskog i reservatet. Eit av føremåla med vernet er å verna om dei økologiske prosessane som driv utviklinga mot urskog. Difor er det viktig at trea får fullføra heile livsløpet. Uttak av ved og virke vil såleis stri med verneføremålet, og bør ikkje tillatast.

Forskrifta vert tolka slik at traktorvegen fram til Ytamo kjem inn under omgrepet «anlegg som var i bruk på fredningstidspunktet». Vedlikehald av vegen er dermed ikkje søknadspliktig. Vedlikehald omfattar reinsking av eksisterande grøfter, kantrydding, skraping, leggja på masse i hol, og anna vedlikehald. Skal ein derimot oppgradera vegen er det snakk om ei dispensasjonssak.

Det er ikkje veldig aktuelt å fjerna gran i planta bestand som eit reint skjøtselstiltak, men dersom skogeigar ynskjer å ta ut grana bør vernestatusen ikkje vera til hinder for det. Tvert imot vil det tena verneføremålet ettersom ein ikkje ynskjer gran i reservatet. Det er ikkje aktuelt å tillata gjenplantning eller anna bruk eller bearbeiding av hogstflata i etterkant.

#### 4.1.4 Aktuelle tiltak

Fjerning av klynger og enkelttre av gran utanom plantefelt bør vurderast som skjøtselstiltak.

## 4.2 Motorferdsel

### 4.2.1 Status og utfordringar

Slåttemarka på Ytamo er halden utanfor vernesona, men har tilkomst berre gjennom reservatet, med mindre ein kjem seg over elva på isen vinterstid. Vegen inn i reservatet er bygd som traktorveg fram til Ytamo, deretter går han over til sti.

Det vert svært sjeldan nytta motorkøyrety eller helikopter i reservatet. Spørsmålet om dispensasjon frå forbodet mot motorisert ferdsel kan koma i samband med uttak av gran i samsvar med forvaltningsplanen eller vedlikehaldsarbeid til dømes på vegen. Det kan også verta aktuelt å vurdere motorferdsel i samband med uttak av gran i skjøtselssamanheng på oppdrag frå forvaltninga.

Det har ikkje vore fremja søknad om løyve til å nytta motorkøyrety i samband med jakta i området. Det er ingen hytter eller utfartsområde i eller i randsona til verneområdet.

### 4.2.2 Rammer og regelverk

Motorisert ferdsel på traktorvegen er tillate i samband med drift av innmarka (§ 4 nr. 2). Motorferdsel er elles forbode i reservatet med unntak for naudetatane og for ferdsel i samband med skjøtsel, forvaltning og oppsyn. Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til motorferdsel når føremålet knytter seg til jakt, oppsett av gjerde eller vedlikehald av fisketrapp, sti/veg og andre anlegg i verneområdet.

Søknader som gjeld andre føremål må handsamast etter naturmangfaldlova § 48, som opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon dersom det ikkje strir med verneføremålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

### 4.2.3 Retningslinjer for forvaltninga

I samband med eventuell hogst inne i verneområdet må omsynet til naturverdiane vegast opp mot ulempene ved bruk av motorkøyrety. Bruk av hogstmaskin bør ikkje tillast anna enn i tett granbestand der botn- og feltsjiktet frå før er svært glise og einsarta. Bruk av traktor bør avgrensast til vinterhalvåret, slik at terrengskadene vert så små som mogleg.

Søknader som gjeld motorferdsel på traktorvegen kan handsamast lempelegare ettersom køyring langs veg ikkje gjer skade på terrenget eller naturmangfaldet. Kvar søknad bør likevel vurderast opp mot eit mål om å halda motorferdsel på eit minimum. Det bør ikkje gjevast dispensasjon for køyring som ikkje er strengt naudsynt og stettar eit klart nytteføremål.

### 4.2.4 Aktuelle tiltak

Skilting og oppsyn er aktuelle tiltak for å møte eventuell ulovleg motorferdsel i reservatet, men dette er pr. i dag ikkje noko tema.

## 4.3 Jakt og fiske

### 4.3.1 Status og utfordringar

Det vert jakta hjort i området og fiska i Jostedøla. Statkraft har etablert ei fisketrapp og tersklar i vassdraget.

### **4.3.2 Rammer og regelverk**

Jf. § 4 er vernereglane i forskrifta ikkje til hinder for jakt og fangst etter viltlova eller for fiske og fangst etter lakse- og innlandsfisklova.

§ 5 seier og at forvaltningsstyresmaktene etter søknad kan gje løyve til vedlikehald av fisketrapp, og naudsynt vedlikehald av eksisterande køyretrasear i samband med dette. I tillegg kan det gjevast løyve til tilrettelegging av fiskeplass.

### **4.3.3 Retningslinjer for forvaltninga**

Det bør ikkje tillatast rydding av vegetasjon t.d. for å opna skytefelt under jaktutøving. Oppsett av jakttårn og liknande bør heller ikkje tillatast.

## **4.4 Friluftsliv**

### **4.4.1 Status og utfordringar**

Traktorvegen inn til Åsmo har etablert seg som ein viktig turveg for lokalbefolkninga i Gaupne. Vegen vert nytta av trimmarar og er særleg populær blant hundeeigarar. Det er m.a. sett ut ei turpostkasse på Åsmo, og i tillegg ein benk der ein kan setja seg ned og ta pause på turen. Det fine skogsmiljøet og nærleiken til elva er element som skaper trivsel og opplevingsverdi, men ei minst like viktig årsak til at så mange legg turen innover her, er nok at vegen er ei av svært få ruter i nærområdet som ikkje har bratt stigning. Dei fire fyrste kilometrane av vegen er utanfor verneområdet.

Dei to hengebruene over Jostedøla er begge i så dårleg forfatning at dei ikkje er tilrådeleg å bruka. Det har vore omsnakka å setja i stand ei av desse for å betra tilkomsten til reservatet, men eit slikt tiltak reiser nye utfordringar; det er ikkje parkering ved den heimre brua. Den fremste brua ligg ved ein velteplass som er eigna til parkering, og som i dag vert nytta av ein del turistar som rasteplass. Til gjengjeld er det risikabelt å kryssa riksvegen der, då brua og velteplassen ligg på kvar si side på ei svingete strekning. Sjølv om ein hadde sett i stand ei eller begge bruene, ville det vore vanskeleg å få til ein rundtur utan trasking langs riksvegen, noko som korkje er triveleg eller trygt.

Det er ingen kjende stiar som går til fjells frå Ytamo naturreservat.

### **4.4.2 Rammer og regelverk**

§3 forbyr bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement og andre større arrangement. Ålment friluftsliv er likevel i tråd med verneføremålet, og vernereglane hindrar ikkje sanking av hasselnøtter, bær og matsopp.

Under §5 som omhandlar eventuelle unntak etter søknad, står det at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsveggar etter søknad.

### **4.4.3 Retningslinjer for forvaltninga**

I høve til den store verdien som området representerer som turområde for lokalbefolkninga, bør forvaltninga opna for at traktorvegen vert halden open, i det minste som sti, og at det vert sett opp informasjon om verneområdet for brukarane.

Forvaltninga bør ikkje gå inn for å ta vare på hengebruene i eigen regi.

#### 4.4.4 Aktuelle tiltak

Det bør arbeidast vidare med å leggja til rette for naturformidling og oppleving på ein måte som ikkje trugar verneverdiane. Tilkomst er i så måte ei nøkkelutfordring.

Det bør utarbeidast ei informasjonstavle og merking av turløype ved innfallsporten til verneområdet, slik at fleire vert kjende om at det er eit verneområde, og folk får informasjon om kva verneverdiar reservatet har.

Vedlikehald av stien/vegen kan gjerne vera eit samarbeid mellom brukarar og forvaltninga.

### 4.5 Forsking og undervisning

#### 4.5.1 Status og utfordringar

Området har et stort potensiale for forskning på naturlege prosessar i lauvskog og ikkje minst edellauvskog. Geografisk institutt ved Universitetet i Bergen har lagt eit feltkurs til området dei siste åra (pers med. geograf Anders Lundberg, UiB), men ut over dette er det ikkje i bruk til undervisning som forvaltninga kjenner til. Forsking og undervisning bidreg til kunnskapsauke som også kan komma forvaltninga til gode, og tener i så måte verneføremålet. Det er rimeleg å tru at den timelange fotturen inn til reservatet er ein dempar på skulane si interesse for å leggja undervisningsopplegg til Ytamoen.

#### 4.5.2 Rammer og regelverk

§ 6 i forskrifta omtalar at forvaltningsstyresmakta kan gjera unntak frå forskrifta for vitskapelege undersøkingar og arbeid av vesentleg verdi for samfunnet når det ikkje strir med føremålet med fredinga.

#### 4.5.3 Retningslinjer for forvaltninga

Forskrifta bør tolkast slik at forbodet mot å bruka reservatet til «teltleirar, idrettsarrangement og andre større arrangement», (jf. § 3. nr. 5), ikkje gjeld skuleklassar på dagsbesøk. Feltkurs bør sleppa søknadshandsaming med mindre dei omfattar overnatting i telt eller innsamling av materiale ut over det som er rekna opp i forskrifta § 3 nr. 1. Forvaltninga bør elles leggja vekt på dei positive ringverknadene i samband med handtering av spørsmål knytt til forskning og undervisning.

#### 4.5.4 Aktuelle tiltak

Ingen.

## 5 Oppfølging

### 5.1 Forvaltningsansvar og sakshandsaming

Som forvaltningsstyresmakt for Ytamo naturreservat har Luster kommune ansvar for all sakshandsaming knytt til verneforskrifta.

Søknader om dispensasjon frå verneforskriftene skal handsamast i tråd med verneforskrifta, som er juridisk bindande, og forvaltningsplanen, som har ein retningsgivande funksjon. Mange saker skal også handsamast etter anna lovverk, som plan- og bygningslova eller lov om motorferdsel i utmark. I slike tilfelle bør det vera tilstrekkeleg med ein søknad, og forvaltningsorgana bør samordna seg slik at det er eit visst samsvar mellom vurderingane, og at tiltakshavar slepp unødig søknadsskriving.

Søknader skal fyrst handsamast etter verneforskrifta før anna lovverk, jf naturmangfaldlova § 48: «(...) Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke. (...)»

Søknader om løyve til motorferdsel gjeld ofte vedvarande eller gjentakande behov, det vere seg transportbehov for rørslehemma, køyring i samband med tradisjonell bruk eller anna. Der det er føremålstenleg kan løyve vera fleireårige, men det bør ikkje gjevast løyve for meir enn 3-4 år i slengen. Med dette sikrar ein høve til å endra vilkåra i samsvar med ny kunnskap, endra rammevilkår (td revisjon av forvaltningsplanen) eller endringar i dei naturgjevne tilhøva. Ein får også sikra seg at ikkje omsynet til verneverdiane vert gløymde i samband med at nye menneske tek over ansvaret for tiltaket, eller at sjølve bruken som saka gjeld, endrar seg.

## 5.2 Oppsyn

SNO Luster har tilsyn med Ytamo naturreservat med heimel i Lov om statleg naturoppsyn. Føremålet er å ivareta nasjonale miljøverdiar og førebygga miljøkriminalitet. Meir konkret medfører dette kontroll med reglane gjeve i medhald av friluftlova, naturvernlova, motorferdselslova, kulturminnelova, viltlova, laks- og innlandsfisklova og delar av ureiningslova. Oppsynet driv i tillegg med rettleiing og informasjon, samt skjøtsels-, registrerings- og dokumentasjonsarbeid. Skilting av verneområda og utviklingsarbeid er også viktige oppgåver.

Forvaltninga og oppsynet har i dag eit tett samarbeid og løyser mange av oppgåvene saman. Luster kommune har i tillegg eige fjelloppsyn som fylgjer opp med fokus på dei lovverka kommunen har ansvaret for, både innanfor og utanfor verneområde.

## 6 Tiltak

På tiltakssida avgrensar forvaltninga sitt ansvar seg i utgangspunktet til å setja inn naudsynte tiltak for å ivareta verneverdiane. Vernestatusen endrar ikkje på grunneigarane sine tradisjonelle ansvar og oppgåver regulert av anna lovverk. Ofte ser ein at brukarar og forvaltning har felles interesse, og i slike tilfelle er det naturlegvis aktuelt at forvaltninga bidreg anten økonomisk eller på annan måte. Istandsetjing av gamle ferdselsveggar er eit døme på ei oppgåve som eventuelt kan løysast i samarbeid mellom brukargrupper og forvaltning.

Aktørar som er aktuelle for gjennomføring av tiltak er forvaltningsstyresmakta sjølv, Statens naturoppsyn (SNO), lokale grunneigarar og evt. eksterne forskingsmiljø og fagkonsulentar. Lokale lag og organisasjonar kan også ha brukarinteresser i området.

### 6.1.1 Aktuelle tiltak

Skjøtsel

- Ta ut gran frå verneområdet. Metoden må tilpassast kvar førekomst, ringborking er aktuelt der dette er mest praktisk. Gran som veks nær veg bør fellast og fraktast ut av verneområdet. I tilfelle der trea skal fellast og leggjast att for å rotne på staden, skal stokkane kappast opp, kvistast, og ryddast saman slik at ein får god bakkekontakt og dermed raskare opprotning. Oppfølgingsrydding må påreknast regelmessig om lag kvart femte år.
- Rydda søppel ved behov

Informasjon og tilrettelegging

- Leggja betre til rette for tilkomst til reservatet, inkludert skilting og vedlikehald av sti. Tiltak kan også omfatta den delen av vegen som ikkje ligg innanfor vernesona, samt hengebruene, som begge ligg utanfor vernesona. Når det gjeld hengebruene er det ikkje aktuelt at forvaltninga tek på seg hovudansvaret for restaurering eller framtidig vedlikehald. Tiltak som gjeld tilkomst og formidling generelt kan gjerne vera samarbeid mellom forvaltninga og brukarane representert ved til dømes grunneigarar, grendelag eller idrettslaget.
- Laga infotavle med presentasjon av verneverdiar og vernereglar.
- Vidareutvikla informasjonssidene på internett (luster.kommune.no)
- Det kan lagast ein tursti som kombinerer oppleving og formidling.

### 6.1.2 Kunnskapsinnhenting

Framlegg til måtar å styrka kunnskapsgrunnlaget:

- Vegetasjonskartlegging etter NiN-systemet.
- Forsøka å finna att artar som er omtala av Gaarder 1999 og artskart.no. Kartfesta ved hjelp av GPS.
- Leita fram og kartfesta raudlisteartar og registrera dei i artsdatbanken.
- Nytt flyfoto eller satelittbilete til å fastslå arealet av edellauvskog, jamfør bevaringsmåla
- Leggja til rette for og invitera til forskning og undervisning i reservatet. Bidra til at resultatata vert tilgjengelege for forvaltninga og ålmenta.
- Kartfesta framande artar, og registrera funn i artsdatbanken.
- Oppretthalda og styrka dialogen med grunneigarane og andre som er godt kjende i området.
- Fotodokumentera alle bygningar og installasjonar i verneområdet.



## 7 Litteratur


- Bjørndal, I. 2007. Markslagsklassifikasjon i økonomisk kartverk, 2007-utgåva. Håndbok frå Skog og Landskap 1/2007.
- Bjørndal, I. og Bjørkelo K. 2006. AR5 Klassifikasjonssystem, klassifikasjon av arealressurser. Håndbok fra Skog og Landskap.
- Direktoratet for Naturforvaltning (2001) 2010. Områdevern og forvaltning. DN-håndbok 17.
- FORAN Norge 2010. Skogtaksering for Ytamo naturreservat, Luster kommune. Pr.nr. 7030.
- Forskrift om Verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane. Vedlegg 11. Freding av Ytamo naturreservat, Luster kommune, Sogn og Fjordane
- Forslag om verneplan for edelløvsskog i Sogn og Fjordane fylke. Kongelig resolusjon. Miljøverndepartementet.
- Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. og Larsen, L.-K. (red.) 2012. Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim.
- Gaarder, G. 1999. Botaniske undersøkelser av 4 edellauvskoger i Sogn og Fjordane. Miljøfaglig utredning, rapport 1999:26.
- Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.
- Miljødirektoratet 2014. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter. M 106-2014.
- Mong, C. E., Søyland, R. og Solbraa, T. 2010. Botanisk vurdering av elleve naturreservat i Sogn og Fjordane. Ecofact rapport, (unummerert)

### Internettkjelder


- Artsdatabanken, <http://artskart.artsdatabanken.no>
- Fylkesatlas, <http://fylkesatlas.no>
- Miljøstatus Sogn og Fjordane, <http://fylker.miljostatus.no/sogn-og-fjordane>
- Norge i bilder, <http://norgeibilder.no>



## Vedlegg 1. Kart over Ytamo naturreservat



Ytamo naturreservat, søre del. Kjelde: Fylkesatlas.no



Ytamo naturreservat, nordlege del. Kjelde: Fylkesatlas.no

## Vedlegg 2. Verneforskrift for Ytamo naturreservat

# Forskrift om Verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane. Vedlegg 11. Freding av Ytamo naturreservat, Luster kommune, Sogn og Fjordane

Dato	FOR-2009-06-19-809
Publisert	II 2009 hefte 3
Ikrafttredelse	19.06.2009
Sist endret	<a href="#">FOR-2016-07-07-920</a>
Endrer	
Gjelder for	Luster kommune, Sogn og Fjordane
Hjemmel	<a href="#">LOV-1970-06-19-63-§8</a> , <a href="#">LOV-1970-06-19-63-§10</a> , <a href="#">LOV-1970-06-19-63-§21</a> , <a href="#">LOV-1970-06-19-63-§22</a> , <a href="#">LOV-1970-06-19-63-§23</a> jf <a href="#">LOV-2009-06-19-100-§77</a>
Kunngjort	25.06.2009 kl. 15.00
Korttittel	Forskrift om Ytamo naturreservat

**Heimel:** Fastsett ved kgl.res. 19. juni 2009 med heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra med forskrifter 15 mars 2013 nr. 284 (i kraft 1 juli 2013), 7 juli 2016 nr. 920.

### § 1. Avgrensing

Naturreservatet gjeld følgjande gnr./bnr.: 36/4, 77/1, 77/2, 77/5, 79/1, 79/3, 79/5, 79/12, 81/1, 82/1, 82/3, 82/6, 82/7, 82/8, 82/11, 82/12, 82/19, 82/27, 82/64, 82/80, 83/1, 83/2, 83/5, 83/9, 83/10, 84/1, 85/1, 85/3, 86/2, 86/8, 87/1, 87/2 i Luster kommune.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 1,949 km<sup>2</sup>.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:12 500 datert Miljødirektoratet juli 2016. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Fredingsforskrifta med kart er tilgjengelege i Luster kommune, hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fylke, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

0 Endra med forskrift 7 juli 2016 nr. 920.

### § 2. Føremål

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit større, tilnærma urørt skogområde med spesielle naturtypar, med heile mangfaldet av artar og vegetasjonstypar og alle naturlege økologiske prosessar. Området har særskilt vitskapleg og pedagogisk verdi ved sitt mangfald av edellauvskog, flaummark, ospeskog, sumpskog og elveterrassar i ein grad av naturtilstand som er uvanleg i

sørboreal sone, noko som saman med interessante artsførekomstar gjev området stor referanseverdi.

### § 3. Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (medrekna lav) eller delar av desse frå reservatet. Nye planteartar må ikkje førast inn. Planting eller såing er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade, øydelegging og unødige uroing. Nye dyreartar må ikkje førast inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar eller kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningar, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmende.
4. Motorferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av reservatet til teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

### § 4. Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsærend, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyning.
2. Naudsynt køyring på eksisterande traktorveg i samband med drift av inngjerda innmarksareal på Ytamo.

Reglane i § 3 nr. 1-3 er ikkje til hinder for:

3. Sanking av hasselnøtter, bær og matsopp.
4. Jakt og fangst etter viltloven.
5. Fiske og fangst etter lakse- og innlandsfiskloven.
6. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
7. Felling og uttak av tre i naturreservatet som legg seg inn over dyrka mark utanfor reservatgrensa eller er til skade for gjerde langs dyrka mark.

### § 5. Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnde i § 4 nr. 4 og 6, og § 5 nr. 2, 3, 5, 6 og 8.

2. Merking, rydding og vedlikehold av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar.
3. Hogst og utdrift i samsvar med vedteken forvaltingsplan.
4. Avgrensa bruk av reservatet som nemnt i § 3 nr. 5.
5. Vedlikehold og skjøtsel av kulturminne.
6. Oppsetjing av gjerde.
7. Etablering og vedlikehold av enkel tursti for naturformidling og naturoppleving.
8. Vedlikehold av fisketrapp, og naudsynt vedlikehold av eksisterande køyretrasear i samband med dette.
9. Tilrettelegging av fiskeplass.
10. Oppreinsking av utløp av potensielle gytebekker, dersom omsyn til fiskestammane i Jostedøla gjer det naudsynt.
11. Beiting.
12. Naudsynt øvingskøyering for formål nemnde i § 4 nr. 1.

#### § 6. *Generelle dispensasjonsreglar* (erstatta av § 48 i naturmangfaldlova)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet eller i særlege tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

#### § 48 i naturmangfaldlova:

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

#### § 7. *Forvaltingsplan*

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsføremålet. Det skal utarbeidast forvaltingsplan, som kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

#### § 8. *Forvaltingsstyresmakt*

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

0 Endra med forskrift 15 mars 2013 nr. 284 (i kraft 1 juli 2013).

*§ 9.Iverksetjing*

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.



# Vedlegg 3 Kart til vernevedtaket

